

Saksbehandlar: Endre Høgalmen, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 16/3218-1

Styre i Lutelandet Utvikling as - val våren 2016

Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Følgjande vert valde som fylkeskommunen sine representantar i Lutelandet Utvikling AS sitt styre for perioden 2016-18:

- 1: _____
2: _____

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn og saksopplysningar

Fylkeskommunen har to medlemmer i styret til Lutelandet Utvikling AS. Hafs Utvikling AS vart etablert i 2015, og dette selskapet er heileigd av Lutelandet Utvikling AS. Hafs Utvikling AS vil overta mykje av det utviklingsarbeidet som har lege til Lutelandet Utvikling AS, og verksemda i morselskapet Lutelandet Utvikling AS vert tilsvarande redusert. Som ei følgje av dette låg det i arbeidet med reviderte vedtekter an til at fylkeskommunen i framtida kun skulle ha ein representant i styret til Lutelandet Utvikling AS. Ut frå dette gjorde hovudutval for næring og kultur i november vedtak om at dagens styremedlemmer fortset til dei nye vedtektene er klar. Det ser no ut til at ein også i framtida skal ha to styremedlemmer frå fylkeskommunen. Hovudutvalet kan følgjeleg no peike ut fylkeskommunen sine to styrekandidatar. Det skal ikkje peikast ut vararepresentantar.

Forslag til nye vedtekter vert lagt fram for generalforsamlinga i mai.

Dei som representerer fylkeskommunen i styret i dag er Karen Marie Hjelmeseter og Audun Erik Sunde.

2. Konklusjon

Hovudutval for næring og kultur peikar ut to styremedlemar i Lutelandet Utvikling AS sitt styre for perioden 2016-18.